



Likelydande skriv til:

- Aurland kommune.
- Vik kommune.
- Lærdal kommune.
- Voss kommune.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Att:

Aurland, 2. november 2015.

Tilskot til grunnfinansiering av Verdsarvparken.

Syner til vår søknad dagsett høvesvis 10. februar (Aurland, Vik og Lærdal), 12. februar (Voss) og 5. mars då. (Sogn og Fjordane fylkeskommune) om tilskot til delfinansiering handlingsplanen for 2015.

Søknadsskrivet gjer greie for både grunnlag og føremål men vi minner i tillegg om fylgjande: Gjennom "Declaration of Intent" (Verdsarvsøknaden 1. januar 2004) har alle verdsarv-kommunane, verdsarvfylka og fylkesmenn kring Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, påteke seg eit ansvar for fremje ei berekraftig ivaretaking og utvikling av verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.

Når det gjeld økonomiske ressursar til å fylgje opp dette oppdraget lokalt/ regionalt, står for tida Møre og Romsdal fylkeskommune framleis i ei særstilling som årleg løyver kr. 1,5mill. til verdsarvarbeidet i Geirangerfjordområdet.

Parkplanen, verdsarvparken sitt langsiktige strategi og styringsdokument, vart vedteken av Parkstyret i januar 2014. Dokumentet vart som ein del av planprosessen lagt ut på opa høyring. I tillegg vart planen sendt direkte til parkkommunane som alle slutta seg til innhald og retning.

Parkplanen peikar på fylgjande om framtidig finansiering av parken si verksemd: "Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark har oppnådd legitimitet og vist seg å ha evne til å fylle føremålet som eit operativt verktøy for stiftarane og verdsarvforvaltninga. Framtidig finansiering bør difor løysast som ei årleg grunnfinansiering ytt av stiftarane og verdsarvforvaltninga. I tillegg til grunnfinansieringa bør ein som fram til no aktivt bygge opp spleiselag saman med partnerar og relevante prosjekt- og støtteordningar. (jfr. side 31)"

Søknadsrunden til stiftarane dette året syner så langt fylgjande resultat :

	Stiftar	Omsøkt		Merknad
		Grunnfinansiering	Delfinans. prosjekt	
1.	Aurland kommune	200 000,-	200 000,-	Ikkje handsama
2.	Lærdal kommune	100 000,-	140 000,-	Ikkje handsama, søknad avvist
3.	Vik kommune	100 000,-	160 000,-	Positiv tilråding, utsett hands.
4.	Voss kommune	100 000,-	190 000,-	Avslag
5.	Sogn og Fjordane fylkesk.	500 000,-	725 000,-	Avslag (HPN 24/15)
	Sum	1 000 000,-	1 415 000,-	

Den økonomiske stoda vart drøfta på eit fellesmøte den 26. juni då. mellom stiftarane som etter eit tid konkluderte med at verdsarvkommunane og verdsarvfylket må få på plass ei grunnfinansiering av Verdsarvparken – sjå vedlagt oppsummering.


Saka er og ved fleire høve drøfta i Verdsarvparken sitt styre; no seinast i møte den 25. september kor møtelyden i sak 15/15 vart samde om fylgjande vedtak og melding til stiftarane:

” Parkstyret ser på den økonomiske situasjonen for stiftinga som særs utfordrande og ber stiftarane snarast ta stilling til grunnfinansieringa av Nærøyfjorden Verdsarvpark - jfr. oppsummeringa frå fellesmøte mellom stiftarane den 26. juni då.

Manglande grunnfinansiering vil kunne føre til sterk reduksjon i Parken sin samla aktivitet med påfylgjande permisjon/ oppseiing av tilsette.”

Med det som er nemnt over imøteser vi no Dykkar snarlege handsaming og svar.

Med venleg helsing



Erling Oppheim
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Oppsummering frå fellesmøte mellom stiftarane den 26. juni då.
- Kopi av vedtak i Parkstyret den 25. september då.